



Skriftemålgudsteneste

1. Ordninga Skriftemålgudsteneste høver særleg godt i advents- og fastetida.
2. Skriftemålgudsteneste kan og nyttast saman med andre ordningar, som t.d. Nattverdgdusteneste utanom høgmessa, Morgonsong, Aftansong og Kveldsbøn, Forbønsgudsteneste og Høgmesse.

Skriftemålgudstenesta kjem då framanfor dei og sluttar helst med ledd 9 **Syndstilgjeving** eller 10 **Takkebøn**.

Når Skriftemålgudsteneste vert nytta saman med andre ordningar, bør dei ledda som er merkte med + takast med.

3. Det bør vera eit fast og kunngjort høve til samtale og sjelesorg før skriftemålgudstenesta.
4. Det er viktig at kyrkjelyden på førehand får naudsynt kjennskap til skriftemålshandlinga og kva ho har å seia.
5. Dersom sjølv skriftemålet vert lagt inn i høgmessa, t.d. i staden for ledd 2 **Syndskjening**, nyttarein helst ledda 2, 4 og 7-9 frå ordninga Skriftemålgudsteneste.
6. Ved særskilt skriftemålgudsteneste ber liturgen stola i fiolett. Ved høgmesse 1 ned skriftemål nyttar ein fargen for tida i kyrkjeåret.

Bibeloversetjinga i dette dokumentet er frå Bibel 2024.

1 | + Inngangssalme

2 | + Innganshelsing

Anten A

L | frå lesepulten eller ein annan stad i koret

Herrens fred vere med dykk alle.

Vår Frelsar Jesus Kristus seier: Det er ikkje dei friske som treng lege, men dei som har vondt. Eg er ikkje komen for å kalla rettferdige, men syndarar. **MARK 2,17**

Eller B

L | frå lesepulten eller ein annan stad i koret

Guds fred vere med dykk alle.

Herrens apostel seier: Mine born, dette skriv eg til dykk så de ikkje skal synda. Men om nokon syndar, har vi ein talsmann hos Far. Det er Jesus Kristus, Den rettferdige. Og han er ei soning for syndene våre, ja, ikkje berre for våre, men for alle i heile verda. **1. JOH 2,1-2**

Her kan liturgen kort seia noko om gudstenesta som følgjer, og slutta med ei bøn, t.d. denne:

L | Heilage Gud, himmelske Far, takk for at vegen til deg alltid er open gjennom Jesus Kristus. Hjelp oss å tru ordet ditt om tilgjeving. Styrk vår tru og vår von, og gjer vår kjærleik levande, til di ære og til hjelp for våre medmenneske, ved Jesus Kristus, din Son, vår Herre.

K | **Amen.**

3 | Tekstlesing

Her vert det lese ein eller to tekstar, t.d. ein av dei sju botssalmane (Salme 6, 32, 38, 51, 102, 130, 143), eventuelt med ein salme mellom lesingane.

Tekstlesinga tek til med

Det står skrive ...

Kyrkjelyden reiser seg

Tekstlesinga kan slutta med

Slik lyder Herrens ord.

Kyrkjelyden set seg.

4 | + Skriftetale

Skriftetalen vert til vanleg halden frå lesepulten, eventuelt frå preikestolen.

5 | Salme

6 | Sjølvprøving

L | Vend mot kyrkjelyden

Lat oss prøva livet vårt i ljuset frå Guds heilage vilje. Dei ti bodorda lyder:

Liturgen les dei ti Guds bod.

1. Du skal ikkje ha andre gudar attåt meg.
2. Du skal ikkje misbruka Guds namn.
3. Du skal halda kviledagen heilag.
4. Heidra far din og mor di.
5. Du skal ikkje slå i hel.
6. Du skal ikkje bryta ekteskapet.
7. Du skal ikkje stela.
8. Du skal ikkje vitna falskt om nesten din.
9. Du skal ikkje trå etter huset åt nesten din.
10. Du skal ikkje trå etter ektemaken åt nesten din eller arbeidsfolket hans eller andre som høyrer til hjå nesten din.

Her følgjer ei kort, still stund for individuell sjølvprøving. Til hjelp med dette kan den einskilde nytta ein skriftespegel e.l.

7 | + Syndsvedkjenning

Liturgen går til altaret.

L | vend mot kyrkjelyden

Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

Liturgen kneler, vend mot altaret.

Kyrkjelyden kan knela i benkene, der tilhøva ligg til rette for det.

Anten A

Denne bønna kan lesast av liturgen eller i veksle mellom liturgen og kyrkjelyden.

L | Ver meg nådig, Gud, i din kjærleik,

K | **stryk ut mitt brot i di store miskunn!**

L | Vask meg rein for skuld

K | **og reins meg for mi synd!**

L | For mine brot kjenner eg,

K | **mi synd står alltid for meg.**

L | Mot deg åleine har eg synda,

K | **det som er vondt i dine auge, har eg gjort.**

L | Difor har du rett når du talar,

K | **du er rein når du feller dom.**

L | Ja, med skuld vart eg fødd,

K | **med synd vart eg til i mors liv.**

L | Sjå, du gler deg over sanning i mitt indre,

K | **du lærer meg visdom i det løynde.**

L | Ta bort mi synd med isop, så eg blir rein,

K | **vask meg, så eg blir kvitare enn snø.**

L | Lat meg få oppleve fryd og glede,

K | **lat beina du knuste, få jubla.**

L | Løyn ditt andlet for mine synder,

K | **stryk ut all mi skuld! SAL 51,3-11**

Eller B

L | Herre, heilage Gud. Ditt ord seier at eg er ein syndar, som er fortapt utan din nåde. Denne sanninga vert ofte uklår for meg eller gløymd. Herre, gjev meg vilje og mot til å la ordet ditt avsløra meg.

Du har skapt meg, og eg står til ansvar for deg med livet mitt. Din vilje skulle styra tankar og framferd hjå meg, men mine ynske trengjer oftast viljen din bort.

Du har sagt at eg skal elska mine medmenneske, men eg møter dei ofte med likesæle, kulde og kritikk. Du krev av meg at eg skal vera sann og open, men eg vik unna for oppgjeret. Likevel veit eg at einast når livet mitt ligg forsvarslaust ope for deg, kan eg ta imot di frelse.

Herre, ta frå meg all lettvinns tryggleik. Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Gjev meg den heilage uro, som alltid på ny driv meg til deg, så eg kan leva i sann tryggleik og tillit.

K | **Amen.**

Eller C

L | Heilage, miskunnsame Far. Eg arme menneske, som med menneskeætta deler synd og skuld, sannar for deg, rettferdige Gud, at eg på mange måtar har gjort deg imot.

Eg har ikkje elska deg over alle ting, og ikkje nesten min som meg sjølv. Med tankar, ord og gjerningar har eg synda mot deg og dine heilage bod. Skulle du døma meg etter det eg har gjort, hadde eg fortent å verta støytt bort frå deg.

Men no har du, kjære himmelske Far, lova at du i nåde vil ta imot alle som vender om til deg og i tillit til vår Frelsar Jesu Kristi verdskyld søker til di store miskunn etter livd.

Du vil tilgje dei alt dei har gjort deg imot, og vil aldri meir tilrekna dei syndene deira. Dette set eg mi lit til og bed om tilgjeving for all mi synd, for Jesu Kristi skuld.

K | **Amen.**

L | Kvar for oss vil vi no stilt vedkjennast for Gud det som ligg oss på hjarta.

Etter ei kort stund for still bøn bed liturg og kyrkjelyd saman denne bøn:

A | **Kjære Herre Gud.**

**Eg har mange gonger såra deg
med tankar, ord og gjerningar
og er utan orsaking.**

**Men eg trur på din einbome Son, Jesus Kristus,
som har lide døden for å frelsa meg,
og eg bed deg for hans skuld:
tilgjev, ja, tilgjev meg alle mine synder.**

**Gjev meg din Heilage Ande,
Så eg trur ordet om at syndene mine er tilgjevne,
vender meg bort frå synda
og lèt din heilage og gode vilje råda i livet mitt.
Herre, miskunna deg over meg.
Amen.**

8 | + Ordet om binde- og løysemakta

L | **vend mot kyrkjelyden**

Lat oss høyra kva den oppstadne Herren seier til læresveinane sine:

Ta imot Den heilage ande! Tilgjev de nokon syndene deira, er dei tilgjevne. Held de syndene fast for nokon, er dei fasthaldne. **JOH 20,22-23**

9 | + Syndstilgeving ABSOLUSJON

L | Kom no fram til Herrens altar, og ta imot tilsegna om tilgjeving frå Gud for alle dine synder.

Kyrkjelyden går fram og kneler.

Til kvart knefall av skriftefolk seier liturgen:

L | Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn

og deretter med handa på hovudet til kvar einskild

tilseier eg deg nådig forlating for alle dine synder, inamnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Deretter for kvart knefall

Han som tok til med si gode gjerning i dykk, skal fullføra henne – heilt til Jesu Kristi dag. **FIL 1,6**

Fred vere med dykk.

Her kan liturgen halda fram

Lat oss gje kvarandre hendene til teikn på at vi og tilgjev kvarandre liksom Gud har tilgjeve oss.

10 | Takkebøn

Når alle er komne attende til plassane sine, bed liturgen åleine, eller saman med kyrkjeiyden, eller skiftevis med kyrkjelyden

L | Lat oss takka og be.

Anten A

L | Velsign Herren, mi sjel!

K | **Alt som i meg er, velsign hans heilage namn.**

L | Velsign Herren, mi sjel!

K | **Gløym ikkje alt det gode han gjer.**

L | Han tilgjev all di skuld

K | **og lækjer alle dine sjukdomar.**

L | Han friar ditt liv frå grava

K | **og kronar deg med miskunn og kjærleik.**

L | Mild og nådig er Herren,

K | **sein til vreide og rik på miskunn.**

L | Han kjem ikkje med klagemål for alltid

K | **og er ikkje for evig harm.**

L | Han gjer ikkje gjengjeld for våre synder,

K | **han løner oss ikkje etter vår skuld.**

L | Så høg som himmelen er over jorda,

K | **så veldig er hans miskunn over dei som fryktar han.**

L | Så langt som aust er frå vest,

K | **tek han syndene våre bort frå oss. SALME 103,1-4.8-12**

Eller B

L | Sæl er den som får sine brot tilgjevne

K | **og sine synder tildekte!**

L | Sælt er det mennesket

som Herren ikkje tilreknar skuld,

K | **som i si ånd er utan svik.**

L | Så lenge eg tagde, tærtest beina i kroppen bort

K | **medan eg stønna heile dagen.**

L | For dag og natt låg di hand tungt på meg.

K | **Mi livssaft svann som i heten om sommaren.**

L | Då sanna eg mi synd for deg,

K | **og mi skuld dekte eg ikkje over.**

L | Eg sa: «Eg vil sanna mine brot for Herren.»

K | **Og du tok bort mi syndeskuld.**

L | Difor skal alle trugne be til deg i tider med trengsle.

K | **Om det kjem ein veldig flaum, skal vatnet ikkje nå dei.**

L | Du skjermar meg,

K | **du vernar meg mot naud,**

med frelsejubel omgjev du meg. SALME 32 1-7

11 | + Herrens bøn

A | Vår Far i himmelen!

**Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege bred.
Og tilgjev oss var skuld, slik vi og tilgjev vare skuldnarar.
Oss lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt, og makta og æra i all æve.
Amen.**

[Fadervår fra 1985 finner du her](#)

[Fadervår fra 1938 finner du her](#)

12 | Slutningssalme

13 | Velsigning

L | vend mot kyrkjelyden

Ta imot velsigninga.

Kyrkjelyden reiser seg og vert ståande til postludiet tek til.

L | Herrien velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyftle sitt åsyn på deg og gje deg fred. +

K | Amen.

Under den stille bønå som følgjer, vert det slege tre gonger tre slag med ei av kyrkjeklokkene.

L | kan her halda fram

Gå i fred. Ten Herren med glede.

14 | Postludium

Under postludiet går liturgen frå altaret

